



KS Hordaland

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/90 - 16/1238

Saksbehandlar:  
Randi Helene Hilland  
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:  
22.01.2016

## Hovedtariffoppgjøret 2016

Vedlagt følger innspel til Hovedtariffoppgjeret 2016 frå formannskapet i Meland.

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 512	16/90

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2016	Formannskapet	PS	20.01.2016

## Hovedtariffoppgjøret 2016

### Vedlegg:

Debatthefte KS spør - Hovedtariffoppgjøret 2016

Sa

### Bakgrunn

Drøfting i møte.

## Formannskapet - 11/2016

### FS - behandling:

#### Innspel til hovedtariffoppgjeret 2016 frå Øyvind Oddekalv, AP vart delt ut i møtet:

1. Med tanke på rekruttering vil eit sentralt løft for høgare løn i kommunal sektor vere viktigare enn bruk av ein lokal pott. Særleg høgare startløn vil vere avgjerande for rekrutteringa til kommunane. Det bør gjevast høgare godtgjering for særskilt arbeidstid, noko som vil gjere det meir attraktivt t.d. å arbeide helg.
2. Her bør det vere grupper som er vanskelege å rekruttere som blir prioriterte. Høgskulegruppene/fagarbeidar?
3. Ein mindre lokal pott bør prioriterast til å utjamne utilsikta lønsskilnader.

4. Erklæringa frå dei sentrale partane om heiltid gjev ei god retning på arbeidet. Viktige momnet er:

- a. Bruk av fortrinnsrett (gje høve til å auke delstillingar)
- b. Meirarbeid (stillingssstorleik i tråd med det ein arbeider)
- c. Utlysing av stillingar (intern utlysing, heile stillingar)
- d. Kompensasjon (t.d. helgearbeid)
- e. Alternativ turnus- og arbeidstidsordningar

5. Det er ikkje ønskjeleg å endre på bestemmelsane i hovudtariffavtalen når det gjeld sjukeløn.

6. Endring i folketrygdlova, gje høve til t.d. aktiv sjukemelding.

7. Gode offentlege pensjonsordningar er eit viktig rekrutteringsargument for offentleg sektor generelt og kommunane spesielt. Det er viktig å gjere tenestepensjon føreseieleg både for arbeidsgjevar og arbeidstakar.

**Framlegg til pkt 1 frå Nils Marton Aadland, H:**

"1. Stor lokal pott bør prioriterast."

**Framlegg til vedtak pkt 1 frå Nils Marton Aadland fekk 4 røyster for, (H, FrP, KrF, V), 3 røyster mot, (2 AP, 1 SP), og er såleis vedteke.**

**Framlegg til pkt 2 i møtet:**

"2. Her bør det vere grupper som er vanskelege å rekruttere som blir prioriterte. Høgskulegruppene spesielt."

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til pkt 3 i møtet:**

"3. Ein mindre del av lokal pott bør prioriterast til å utjamne utilsikta lønsskilnader."

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**Pkt 4 vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til pkt. 5 i møtet:**

"5. Lov og avtaleverk bør harmoniserast."

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**Pkt 6 vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til pkt. 7 i møtet:**

"7. Det er viktig å gjere tenestepensjon føreseieleg både for arbeidsgjevar og arbeidstakar."

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til pkt 8 i møtet:**

"8. Vi ser at det er behov for å gå gjennom dei ulike særavtalane."

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS - vedtak:**

**Innspel til hovedtariffoppgjeret 2016:**

"1. Stor lokal pott bør prioriterast.

2. Her bør det vere grupper som er vanskelege å rekruttere som blir prioriterte. Høgskulegruppene spesielt.

3. Ein mindre del av lokal pott bør prioriterast til å utjamne utilsikta lønsskilnader.

4. Erklæringa frå dei sentrale partane om heiltid gjev ei god retning på arbeidet. Viktige momnet er:

- a. Bruk av fortrinnsrett (gje høve til å auke delstillingar)
- b. Meirarbeid (stillingsstorleik i tråd med det ein arbeider)
- c. Utlysing av stillingar (intern utlysing, heile stillingar)
- d. Kompensasjon (t.d. helgearbeid)
- e. Alternativ turnus- og arbeidstidsordningar

5. Lov og avtaleverk bør harmoniserast.

6. Endring i folketrygdlova, gje høve til t.d. aktiv sjukemelding.

7. Det er viktig å gjere tenestepensjon føreseieleg både for arbeidsgjevar og arbeidstakar.

8. Vi ser at det er behov for å gå gjennom dei ulike særavtalane."